

Fra: Oddny Flugekvam [oddny.flugekvam@c2i.net]
Sendt: 15. februar 2013 12:02
Til: Moe Rune
Emne: Helgåa

Til Rune Moe

Helgåa:

Nordang som samfunn er i endring noko me grunneigarar innser. Frå eit samfunn med hovudinntekter knytta til landbruk og pelsdyr produksjon, ser me i dag etter fleire kjelder som sikrar inntektene til bruka våre. Dette er også utgangspunktet for at me no ynskjer å utvikla vassressursane våre. Kva er så situasjonen innan næringsutviklinga her på Nordang:

Pelsproduksjon. Gardane våre har igjennom 100 år hatt inntekter igjennom pelsdyr avl og det gjer me fortsatt. Pelsdyrnæringa er igjennom dei seinaste 10 åra utsett for fleire og fleire reguleringar. Prisane vekslar mykje og det gjev usikker inntjening. Samfunnet stiller nye krav, som er kostnadskrevjande, samstundes som debatten går i media. Ei usikker inntektskjelde.

Turisme. Union hotel er eit landemerke i det norske fjordlandskap, og er grunnlag for nokre arbeidsplassar i bygda. Det er i dag 27 rom i hotellet som er mykje nytta sommarsdagen. I store delar av vinterhalvåret er hotellet stengt. Norangsdalen er usikker ferdaveg om vinteren så vegen inn til Øye går via ferja på Sæbø. Det har i dei seinare åra vore planlagt stor utbygging i 100 millionarsklassen, noko som no har stoppa opp. Usikkerheita om prosjektet blir gjennomført er stor. Norge og Fjordnorge har opplevd sviktande inntekter i sommar, og med krisene i Europa er det usikkert kor tid dette vil ta seg opp igjen. Ei usikker inntektskjelde.

Landbruk. Landbruket er også i endring. Ein arbeider mot større bruk og større einingar, noko som krev reinvesteringar og stor satsing. Inntektsgrunnlaget i landbruket er pressa.

Nokre synspunkt frå oss om ny næringsutvikling

Eit alternativ er å nytta elvane våre til energiproduksjon noko som vil være eit viktig bein for fellesskapet i bygda for åra som kjem. Det er svært viktig å få med seg at det er fellesskapet her på Nordang som søker om å nytta desse ressursane for å styrkja næringsgrunnlag. Me kan heller ikkje sjå at det er grunnlag for at ressursane ikkje kan nyttast i fellesskap med andre brukarar av Nordangsfjorden.

Me meiner at det svart/kvitt bildet rapporten «samlet belastning på fjordlandskapet» gjev er **konfliktskapande** for brukarinteressene i fjorden, ein treng ikkje lesa lengre enn til rapportens overskrift før ein ser det. Det er fleire brukargrupper som er avhengig av verdiskapning, og me meiner at det gjeld like mykje oss som er fastbuande, som resten av samfunnet. Me ynskjer som andre i samfunnet å utvikle verdiane våre, og då treng ikkje alt være svart / kvitt. Nokre innspel i så måte:

Vannføring: Før og etter kraftutbygging. I rapporten er det framheva skilnaden mellom stor vannføring og ikkje vannføring, dette gjev eit noko vrangt bilede. I søknaden vår er det framheva det strengaste alternativet, men det er også lagt fram forslag som tek andre omsyn. I konsesjonssøknaden (bilag 9) er det vist eit bilete som syner vannføring tilsvarande ei minste vassføring på 160 l/s noko som gjev eit heilt anna visuelt inntrykk enn det som er framheva i rapporten. Med sertifikatordning, vil det være grunnlag for lønnsomheit.

Me meiner at vannføringa i Helgåa er veldig variabel,dvs. at avrenninga går svært fort, og elva går fort tom. Med eit nedbørsfelt på 2 km² seier det seg sjølv at avrenninga går fort. Med fleire finværsdagar etter kvarandre vil elva være så turr at ho ikkje synest meir. Å framheve elva som eit svært synleg bilde i fjordlandskapet vil være korrekt om det regnar heile tida, men då renn det vatn stort sett overalt innover fjorden. Men på godværs dagane vil verdien av synlegheita være begrensa, med mindre det har regna mykje dagane føre. Ser ein på hydrologien for eit middelsår, vil det fortsatt bli produsert energi sjølv med 160 l/s.

Ser ein på hydrologien for eit middels år er det mykje vatn også utover hausten, men det er heller skrint på vinterstid. Frå midten av september og fram mot jol er det meir vatn og med ei låg minste vassføring i den perioden vil det sikra at ein får produksjon i kraftverket. Det er og slik at når september er på hell, så er mykje av turismen over, og me kan produsera straum.

Me meiner at synligheita til Helgåa må kunne nyttast slik at ein ikkje ser dette svart/kvitt, og ein må vurderer bruksinteressene over heile året og ikkje berre om sommaren når turistane er her.

Det er fleire eksempel på at dette lar seg gjennomføra, kanskje i større målestokk enn Helgåa.

Men kan ein gjera det med Vøringsfossen og Mardøla, kan ein også gjera det med Helgåa. Me er klarover at Vøringsfossen og Mardøla er nasjonalt viktige forsyningsprosjekt, og skapar store verdier til samfunnet. Men for oss på Norangshol, er verdien av Helgåa av samme dimensjon.

For å syna variasjonane i Helgåa tek me no bilete 1 gong for dagen på eit bestemt punkt slik at inntrykket av Helgåa er realistisk og ikkje prega av det eine bilete rapporten trekkjer fram.

Inngrep: Inngrepa i naturen er begrensa og som miljørapporten beskriv så er det få element som har negativ virkning utover sjølve synligheita til fossen.

Kapitel 4 «Virkning av tiltaket» i rapporten frå Ambio. Konklusjonane her er meir avbalansert

Beste helsing

På Vegne av eigarane på Nordang

Steffen Nordang
